

## Informasjon om Visma Flyt Skule

Skulen går over til å bruka dataprogrammet Visma Flyt Skule, **den 1.februar 2020**. Systemet sikrar persondata og dokumenterer og effektiviserer heim-skule-samarbeidet. Her kjem litt informasjon om korleis du som foresatt kan bruka systemet.

---

Dersom du har spørsmål etter å ha fulgt denne instruksjonen kjem me til å halda eit minikurs i bruk av dette systemet, **måndag 10.februar kl. 19.30 i aulaen på barneskulebygget. Bruk personalinngangen ved flaggstonga.**

---

### Du som foresatt kan bruka Visma Flyt Skule til å:

- Søka permisjon/fri for barnet ditt
- Søka om SFO-plass og få oversikt over faktura
- Få oversikt over fråveret til barnet ditt
- Få ein fagleg oversikt over barnet ditt to gonger i året.
- Senda melding til og motta melding frå kontaktlæraren.
- Få meldingar frå skulen (erstattar det gamle SMS-systemet). Du vil no ikkje lengre få ein SMS frå skulen, men ei melding i appen til Visma Flyt Skule

### **Innlogging:**

**(NB! Innlogginga er ikkje tilgjengeleg før laurdag 1.februar, 2020)**


Du kan bruka Visma Flyt skule enten via nettlesaren eller via ein app. Søk etter: "Visma Min Skole Foresatt" i Google Play (android) eller App Store (iphone). Me anbefalar at du går inn via nettlesaren ved første gongs bruk, då enkelte funksjonar ikkje er tilgjengelege i appen. Du brukar bank-ID for å logga inn. Lenka til nettstaden, er: <https://skole.visma.com/bjerkreim>



Her må du velga "Logg inn med ID-porten".



Du vil bli møtt med denne meldinga, første gongen du loggar på. Dette samtykket gjer deg anledning til å **handtera andre samtykker** via Visma Flyt Skule. Dømer på slike samtykker er: *bading på skuletur, fotografering i skuletida m.m.*



Appen til Visma Flyt skule, gjer deg rask tilgang til å kunne senda- og motta meldingar frå skulen. Søk etter: "Visma Min Skole Foresatt" i Google Play (android) eller App Store (iphone).